



LYNGMO GLYTTE

Mai 2023



Lyngmo - Glytten 32. årgang - Mai 2023

Crossroad
Medarbeidarfest
Smak & sjå



Innremisjonsforbundet



Misjonssambandet

Helsing frå Lyngmo

Me har akkurat starta på siste vårmånaden; mai. Foreløpig er det ikkje så mykje som vitnar om vår på Lyngmo.

Isen, som framleis ligg på Hafslovatnet, vitnar om ein kald, lang og fin vinter.

Vinteren har sett ei fin ramme for mange av leirarrangementa. I påsken hadde me fantastiske forhold ute til ski og leik når over 100 personer i 21 familiar var med på familieleir. På samme måte har 184 deltakarar på barne & ungdomsleirane nytta seg av gode snøforhold til ulike aktivitetar!


Like viktig som gode snøforhold og kjekke aktivitetar er det som skjer inne i undervisning og samtalar. Me har fått formidla Jesu kjærleik til fleire hundre barn og ungdom. Nokre har teke i mot Jesus som sin personlige frelser, medan andre har blitt betre kjend med denne mannen som starta ei ny tidsregning for 2000 år sidan! Fantastisk!

Det er kjekt å væra tilbake som dagleg leiar og være tett på alt det flotte som skjer! Etter nesten 1,5 år i permisjon og "utlån" av stillinga mi som dagleg leiar til broren min, Lars

Mitt bibelvers

Sverre Urnes

13 år, Indre Hafslo



«Han gjev meg nytt liv. Han leier meg på rettferds stigar for sitt namn skuld.»

Salme 23.3

Inge, var eg tilbake i 50 % stilling frå nyttår. Tusen takk til Lars Inge for at du har stilt opp og at du tok jobben i denne perioden eg har vore vekke! Takk også til resten av staben som har lagt ned stor innsats i denne perioden! Staben utgjer eit flott fellesskap og kvar er viktig i si rolle; på same måte som me er avhengig av den enkelte dugnadsarbeidaren som hjelper til!

Eg må halde litt fram i takknemlighet!

Takk til Vivian Rosvold som har vore barne-

og ungdomsarbeidar her sidan august 2021. Ho har vore med og gitt retning og fokus i arbeidet! Vivian slutta på Lyngmo i april for å



Bilete: Sofåprat med Ruben- Aron og Håvard. Eit spørsmål var; korleis det er å følge Jesus i deira kvardag. Dei fortalde at dei er med i ei bibelgruppa nokre av dei eldre gutane leiar.

førebu seg og familien til utreise for arbeid og teneste i eit anna land. Takk til Debbie Eikum som har overtatt stillinga etter Vivian. Debbie er allereie godt i gang og byrjar å bli kjent med folk og rutinar!

Eg er også takknemlig for alle som bidreg på Lyngmo med dugnad eller stiller opp på andre måtar! Akkurat no tenker eg på ein mann me fekk minnast og heidra i minnestund her på Lyngmo i slutten av april. Eg fekk lov til å leie minnestunda etter Olav Tverberg. Slike dagar og oppdrag er med på å setje ein del ting i perspektiv. Olav vart skildra som "Mannen med dei store henda og det store hjartet!" Ei flott skildring av ein mann som har teke ansvar i fleire av dei større utbyggingane som har vore på Lyngmo. Blant mange andre; er Olav ein av dei me kan takke ekstra for at me kan tilby ein innbydande og moderne leirplass til alle som kjem på leir!

Dersom me skal sjå på utvikling og vedlike-

hold er utbygging av ventilasjonsanlegget i hovudbygget det siste store prosjektet som har blitt utført. Dette skal gje betre ventilering og meir jamn temperatur inne! Det vert også planlagt noko arbeid ute no før sommar-sesongen startar for fullt. Det er ein mur som skal ordnast i tillegg meir tilrettelegging på campingplassen.

Isen som ligg på vatnet er med på å kjøle ned lufta. Det gjer at vår og vekstsesong kjem seint i gang. No håpar eg på at resten av isen smeltar raskt og at me får varme og vekst slik at det blir grønt og friskt på Lyngmo til sommarleirar og sommargjester. Velkommen til Lyngmo i sommar!



Andakt

Kven seier du at Jesus er?

Eg hørde nyleg ein song kalla «Wrong about you» av *Israel & New Breed*. Det fekk meg til å tenke på teksten som står i Markus 8. 27-30. Der Jesus spør «Kven seier folk at eg er?». I songteksten syng dei om korleis dei har blitt fortalt så mange ulike ting om Jesus og at det ikkje er alle dei tinga som står i Bibelen. Alt i frå at Gud er langt vekke, til at nåde er noko ein måtte fortene. Så skiftar songen til å syngje sanningar om Jesus og kor takksame dei er for å ha oppdaga sanninga. Poenget mitt er; Eg trur me alle har nokre

ting i bilete vårt av Jesus som ikkje er 100% korrekt, eller at me ikkje faktisk let han få kontrollen over alle tinga i liva våre fordi det er «tryggare» å halde fast i det sjølv. Her er nokre Bibelske sanningar: Han er Herre over alle og gjer ikkje forskjell (Apg. 10.34-37), Han er evig, og ber for dei som trur på Han (Heb. 7.25), Jesus kjem med ei så mykje betre pakt (Heb. 8.6), vi er Guds born (1. Joh. 3. 1), Jesus tilgir syndene våre (Matt. 9. 1-7), og slik har me fått borgarrett med han i himmelen (Fil. 3.20).

Nå, kven seier du at Jesus er?

Crossroad 2023

Crossroad var virkeleg toppen av toppen! Heile 90 ungdommar fylte huset med mykje latter og god stemning! Det heile starta virkeleg med eit konfetti-smell frå det fantastiske lyd og lysanlegget som var rigga. Helga var fylt med alt i frå brettspel til gymsal, aking, ski og bading, gode møter, seminar og ikkje minst fantastisk lovsang med bandet!



Bilete: På laurdagen var det gruppekurransar ute. Her er ein gjeng på telletur.



Bilete: Ei flott lovsongsstund.

Temaet for leiren var «kom og sjå» og Nikolas tok oss med gjennom dei 4 første kapittela i Johannes evangelium. Me fekk lære at Gud jobber gjennom menneske. Me skal få lov å være hans tjenerar og forkynne evangeliet.



Bilete: Her er ca alle på leiren i eit og same rom!

Ikkje minst hadde me også ein nydeleg gjeng med leidarar med oss. Og takka være Emely som hadde kontroll, gjekk alt etter planen! Me hadde nokre gøyale kveldar der det vart arrangert nattbandy og festkveld i tillegg til spel og sosialt i peisestova. Og så må me ikkje gløyma alt den gode maten me får på Lyngmo og den gode samtalen rundt bordet! Nye vennskap vart mest truleg laga og me gler oss allereie til neste crossroad! Takk for ei flott helg!

Liv Signe Hurthi, 15 år

Vårbasar

Fredag 24. mars gjekk vårbasaren av stabelen på Lyngmo.

Alltid spennande med kva gevinstar me får inn! Komitéen og mange frivillige gjorde ein formidabel innsats både ettermiddag og kveld. Me fekk med oss mange gode hjelparar, både til smørjing av snittar, bordplassering og loddseljarar for å nemne noko. Dal-klang stilte med flott song og Sissel Aina styrte skuta med vind i seilene igjennom alle åre-gangane. Mange barn fekk prøvd lykken på Lykkehjulet i tillegg til å vere med på leikar

og andakt nede i Gymsalen med Debbie. Me fekk inn i ca 80 000 kr og gleder oss til ny basar til hausten!



Medarbeidarfest

Me på Lyngmo er så takksame for innsatsen til alle som hjelp oss og ville gjerne takke med å arrangere medarbeidarfest. Dette var den andre medarbeidarfesten me arrangerte, og i år var det om lag 60 yngre og eldre fest-deltakar samla, og det blei ein fin kveld. Vi kunne glede oss over dekkja bord, andakt og gruppeaktivitet. Eit høgdepunkt var andakt av Sondre Johannes Orrestad (krinssekretær i Sogn og Fjordane Indremisjon). Han fokuserte på disiplinane rett etter oppstandelsen, noko som ga oss mykje å tenke på. Nokre av

punkta han trakk fram var: viktigheit med bønn, å vere lydig og vise tolmod, å kle seg i anden, og loven om den heilage ande. Etter andakten vart det tid for ein gruppeaktivitet. Her kom fokuset og konkurranseinstinktet fram hos fleire, noko var ein fordel når små-gruppene skulle leite fram bibelvers som inneheldt enkelte ord. Dette var ei oppgåve dei fleste virka til å syns var spennande og utfordrande, trass alder og kor lenge dei har kjent Jesus. Serveringa bestod av heimelaga pizza, salat og eit godt utval kaker, i kjent Lyngmo stil!



Bilete: Trond demonstrerar det å dele «broderleg»

Smak & Sjå

Søndag 26.mars var tid for Smak&Sjå på Lyngmo! Det er ein misjonsdag for barn, og målet er å inspirere barna til å vere nysgjerrig på andre kulturar og kjenne på Guds hjarte for alle folkeslag! Gud elsker alle mennesker, uansett kvar me er, og me kan sjå glimt om kven Gud er i alle dei ulike kulturane. I år kunne barna besøke ulike rom som fortalte om kultur, tru og smak frå Sentral-Asia, Sør-Amerika, Papa Ny Guniea, Noreg og Øst-Afrika. Etter tid i grupper i alle rommene,



Bilete: her blir borna servert te på Aserbajdsjansk vis.



Bilete: Abeba fortel om livet sitt før ho kom til Noreg, medan Debbie oversett.

samlas me alle til boliviansk lunsj. Det er herleg at Lyngmo fylles av så mange ulike smakar, lydar og forteljingar frå mange land! Tusen takk til dei som var med og bidrog, og så ber me om at Gud må hjelpe oss alle til å dele dei gode nyhetene om Han, uansett kvar i verden me er.

Leirtravaren

Namn: Elias Kleppe Holgersen

Alder: 8 år

Kjem frå: Balestrand

Har du vore mange ganger på leir?

Ja, 5-6 ganger, men har lyst på enda flere.

Kva er det kjekkaste du gjer på leir?

Leirkveld, kiosk og gymsal, Og å få nye vener.

Kva har du lært på leir?

Eg har lært litt meir om Gud, for eg har ikkje lest heile den store Bibelen enda. Eg har berre lest barnebibelen. Eg har òg lært nye songar.



Kva skjer?

MAI 2023

- 4. Småbarnstreff
- 8. Mandagsklubb & knøttekor
- 16. Ungdomsarrangement: 16 mai feiring
- 22.-25. Vi over 60

JUNI 2023

- 1. Småbarnstreff
- 2.-4. Leir for 2.-4. klasse
- 9.-11. Ungdomsleir (8. kl- 3.vgs)
- 15. Småbarnstreff
- 16.-18. Leir for 4.-7. klasse

JULI 2023

- 2.- 9. Bibelsommar i Vest
- 17.-22. UIO Familiefokus

August 2023

- 26.-27. Bibelhelg

September 2023

- 22.- 24. Kvinnestemne (Internatmøte for kvinner)
- 29.-01.10. Leir for 2.-4. klasse

Oktober2023

- 6.-9. Leir for 4.-7 klasse
- 20.-22. Bedehussang med John Hardang
- 27. Haustbasar

November 2023

- 3.-5. Barnas sangleir
- 10.-12. Ungdomsleir
- 17.-19. Inspirasjonshelg for kvinner

Desember 2023

- 2. Juleverkstad
- 8. Julemiddag for alle
- 16. Julemiddag for Ungdom

Minnegåve: Tusen takk for
gåva som vart gitt i samband
med gravferda til
Olav Tverberg!

Har du sett INTRO?

Intro er ein Youtube kanal med program for barn. Det kjem nye videoar anna kvar veke. Er du klar for god innput, ein challenge og litt latter? Då bør du sjekke det ut!



Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

LEIRANE

2.-4. juni	2.-4. klassleir	760,-
16.-18. juni	4.-7. klasseleir	800,-
9.-11.juni	Ungdomsleir (8 kl. - 3. vgs)	850,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2.

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest